



Maskinar og utstyr

Maskinar og utstyr må ha styring og regulering, slik at dei startar, verkar og stoppar slik dei skal. Om du arbeider på ei slakte- og skjerelinje, må transportbanar starte og stoppe i riktige posisjonar og til riktig tid, slik at slaktaren eller skjeraren kan gjere jobben han eller ho skal, før dyret/skrotten går vidare til neste posisjon. Arbeider du på ei produksjonslinje, må også dei ulike prosessane skje til riktig tid og på riktig måte. Oppstår det eit avvik i ein posisjon, er det viktig at varestraumen blir stoppa slik at ikkje så mange produkt må vrakast.



Foto: Snöball Film

Det er mange omsyn ein må ta og vurdere når ein skal velje maskinar og utstyr.

Døme på emne og problemstillingar som må vurderast:

Kapasitet: Kor mange einingar av det aktuelle produktet blir produsert per tidseining?

Fleksibilitet: Er det mogleg å bruke utstyret til meir ein eitt produkt? Kor lang tid tek det eventuelt å stille om maskinen til eit nytt produkt?

MATFAG



Reinhald: Er maskinen lett og rask å gjere rein, eller er dette ein langvarig, komplisert og tungvint jobb?

Service og vedlikehald: I kor stor grad kan operatøren sjølv halde utstyret ved like? Kor rask tilgang er det på reservedelar og nødvendig ekspertise i tilfelle noko skjer med utstyret?

Støy: Kor mykje støyar utstyret/maskinen?

Ergonomi: Korleis vil arbeidsstillingane vere for dei som styrer og reingjer maskinane? Einsformig arbeid og uheldige arbeidsstillingar aukar risikoen for belastingslidingar og i neste omgang sjukefråvær.

Styringssystem: Kor enkelt er det er å styre utstyret eller maskinen?

Energibehov: Kor mykje energi krev maskinen i drift?

Levetid: Kor lenge reknar ein med at utstyret eller maskinen vil fungere?



Foto: Snöball Film